



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato** 05.12.2019  
**Møtetid:** Kl. 08:30 - 17:20  
**Møtestad:** Biblioteket på Bjørkheim

---

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Medlemmer som møtte:	Parti:
Brigt Olav Gåsdal	Ap
Gunn Østvik Petersen	Ap
Jon Magne Bogevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Monica Tjønnå	Sp
Øyvind Røen	Sp

Desse medlemmene møtte ikkje:	Parti:	I staden møtte:	Parti:
Knut Loneland Høibraaten	Bl	Oskar Konrad Kienitz	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp	Håvard Tvedterås	Frp

### Møtenotat:

Oskar Konrad Kienitz (Bl) møtte kl. 09.40 og deltok derfor ikkje under handsaminga av sak 070 (Faste saker) og interpellasjon om fritidskort for barn mellom 6 og 18 år.

Brigt Olav Gåsdal (Ap) fekk permisjon frå kl. 16.00. Han deltok derfor ikkje på siste del av handsaminga og røystinga i sak 096/2019.

Harald Boge (Ap) deltok i møtet frå kl. 16.00, som varamedlem for Brigte Olav Gåsdal. Harald Boge deltok på siste del av handsaminga og røystinga i sak 096/2019.

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Magne Djuvik, einingsleiar NAV (under orientering om prosjektet "Snu i døra")
- Finn Ove Frøynes, konsulent NAV (under orientering om prosjektet "Snu i døra")
- Nina Erdal, økonomisjef (under sak 086 og 096)
- Marianne Soleng, einingsleiar sørvisstenter (under sak 079, 088, 089, 090, 091, 092 og 093)

Vedlegg til møteprotokollen:

- Svar på interpellasjon frå Frp om statleg finansiering av eldreomsorga
- Svar på interpellasjon frå KrF om Samnanger som forsøkskommune for "Fritidskort til alle barn mellom 6 og 18 år"

<b>Møteleiar:</b>	Knut Harald Frøland
<b>Møtesekretær:</b>	Jan Erik Boge

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, 10.12.2019

---

Knut Harald Frøland  
ordførar

---

Jan Erik Boge  
rådgjevar

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
070/2019	19/1074	Faste saker	
071/2019	18/829	Vedtak av avtale om vertskommunesamarbeid om Krisesenter for Bergen og omegn	
072/2019	19/859	Språkplan for Samnanger kommune	
073/2019	19/993	Vurdering om Samnanger skal søkja om fornying av status som Fairtrade-kommune	
074/2019	18/1331	Søknad om overtaking av kostnad med snøbrøyting	
075/2019	19/1009	Overføring av private vegar til kommunalt driftsansvar	
076/2019	18/572	Rullering av handlingsprogram og prioritering av spelemiddelsøknader 2019	
077/2019	19/251	Oppheving av kapittel 4 i personalvedtektene (tilsetjingsvedtekter)	
078/2019	18/1210	Overgang til lik arbeidstid i sommar- og vinterhalvåret for kontoradministrasjonen i Samnanger kommune	
079/2019	19/169	Klage på politisk vedtak - Skjenkeløyve - Milano Pizzeria Bjørkheim	
080/2019	19/989	Godkjenning av møteplan for 2020	
081/2019	18/951	Søknad om løypetilskudd på Kvamskogen	
082/2019	19/662	Ingeniørhytta ved Svartavatnet	
083/2019	18/562	Forprosjekt - Fossen bratte	
084/2019	19/1040	Dagsturhytte i Samnanger	
085/2019	19/171	Vurdering akuttberedskapen - First responder	
086/2019	19/418	Økonomirapportering pr november 2019	
087/2019	19/377	Digitale løysingar for folkevalde i Samnanger i valperioden 2019-2023	
088/2019	19/804	Val av eldreråd 2019 - 2023	
089/2019	19/804	Val av råd for personar med nedsett funksjonsevne 2019-2023	
090/2019	19/804	Val av sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023	
091/2019	19/804	Nedlegging av klagenemnd/ klageutval på politiske vedtak og takstutval for jordbruks-, skogbruks- og andre eigedomar	
092/2019	19/804	Suppleringsval varamedlemsliste kontrollutvalet 2019-2023	
093/2019	19/804	Val av ymse nemnder, råd og utval m.m 2019-2023	
094/2019	18/1050	Renovasjonsgebyr 2020	
095/2019	19/455	Vedlikehald - Ungdomsskulen, Kommunehuset og brannstasjonen	
096/2019	19/974	Budsjett og økonomiplan 2020-2023	
1	18/1157	Interpellasjon frå KrF - Samnanger som forsøkskommune for «Fritidskort til alle barn mellom 6 og 18 år»	
9	18/1157	Interpellasjon frå Frp - Statlig finansiering av eldreomsorgen	



## **SAKNR. 070/2019: Faste saker**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

#### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

Godkjent utan merknader.

#### **Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte**

Ingen merknader.

#### **Orientering om NAV-prosjektet "Snu i døra"**

Einingsleiar ved NAV Samnanger, Magne Djuvik, orienterte om prosjektet.

#### **Orienteringssaker:**

Ingen saker.

#### **Grunngjevne spørsmål:**

##### Spørsmål om bebuarar på Samnangerheimen og tannhelseteneste

Gunn Totland Moss (KrF) hadde meldt inn eit grunngjeve spørsmål til møtet. Ho las opp spørsmålet. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at administrasjonen ikkje hadde motteke dette spørsmålet før møtet, men at ho ville prøva å koma tilbake til spørsmålet seinare i møtet. Rådmannen fekk i løpet av møtet informasjon frå einingsleiar pleie og omsorg, slik at ho kunne svara på det grunngjevne spørsmålet. Svaret vart lest opp for kommunestyret etter handsaminga av sak 075/2019.

#### **Utvalet sitt kvarter:**

##### Spørsmål om ansvar for innkalling av varamedlemmer

Brigt Olav Gåsdaal (Ap) viste til at han hadde meldt frå til administrasjonen om at det ville vera behov for varamedlem for han frå kl. 16.00 dersom kommunestyremøtet ikkje var ferdig til då. Han sa at han hadde fått tilbakemelding frå administrasjonen om at han måtte ordna med varamedlem sjølv. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at det er administrasjonen som har ansvar for å kalla inn varamedlemmer, ikkje medlemmen sjølv.

##### Barnevernsgransking

Jon Magne Bogevik (Ap) viste til kommunestyret sitt vedtak 22.08.2019 i saka om gransking av barnevernssaker, og spurde om kvifor rapporten frå den siste delen av granskinga ikkje stod på saklista til kommunestyret 05.12.2019. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at årsaka til dette er at rapporten enno ikkje er ferdig, men at den truleg vert ferdig til det første ordinære møtet i kommunestyret i 2020.

##### Vintervedlikehald av kommunale vegar

Håvard Tvedterås (Frp) spurde viste til lokal avtale i kommunen om heimevaktordning for snøbrøyting/vintervedlikehald av kommunale vegar i perioden 15. desember - 25. mars. Han spurde om kvifor heimevaktordninga ikkje startar opp før 15. desember. Han viste i samband med dette til manglande brøyting av kommunale vegar søndag 08.12.2019. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at kommunen driv vintervedlikehald av kommunale vegar også utanom perioden 15. desember - 25. mars, og så langt som mogleg prøver å setja inn tiltak/ha beredskap når det er meldt snø.

#### **Interpellasjonar:**

Det var kome inn to interpellasjonar til møtet. Desse vart handsama etter sak 070/2019.

**KS- 070/2019 Vedtak:**

Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

**SAKNR. 071/2019: Vedtak av avtale om vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS- 071/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune ønskjer å halda fram samarbeidet om kriesesenterdrift og vedtek *Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn.*

**14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FORM- 047/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune ønskjer å halda fram samarbeidet om kriesesenterdrift og vedtek *Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn.*

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune ønskjer å halda fram samarbeidet om kriesesenterdrift og vedtek *Avtale om administrativt vertskommunesamarbeid om Kriesesenter for Bergen og omegn.*

**SAKNR. 072/2019: Språkplan for Samnanger kommune****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS- 072/2019 Vedtak:**

Forslaget til språkplan for Samnanger kommune vert vedteke. Språkplanen gjeld med verknad frå 01.01.2020 og erstattar då målbruksplanen som vart vedteken av kommunestyret 29.01.1998.

**14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FORM- 043/2019 Vedtak:**

Forslaget til språkplan for Samnanger kommune vert vedteke. Språkplanen gjeld med verknad frå 01.01.2020 og erstattar då målbruksplanen som vart vedteken av kommunestyret 29.01.1998.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Forslaget til språkplan for Samnanger kommune vert vedteke. Språkplanen gjeld med verknad frå 01.01.2020 og erstattar då målbruksplanen som vart vedteken av kommunestyret 29.01.1998.

**SAKNR. 073/2019: Vurdering om Samnanger skal søkja om fornying av status som Fairtrade-kommune****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

**KS- 073/2019 Vedtak:**

Samnanger søker ikkje om fornying av status som Fairtrade-kommune.

Ved innkjøp av kaffe, te, sjokolade og frukt skal ein halda fram med å velja Fairtrade-produkt, dersom dette er mogleg.

**14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram følgjande tilleggsframlegg til rådmannen sitt framlegg:

*"Ved innkjøp av kaffe, te, sjokolade og frukt skal ein halda fram med å velja Fairtrade-produkt, dersom dette er mogleg."*

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Øyvind Strømmen sitt framlegg. Øyvind Strømmen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FORM- 048/2019 Vedtak:**

Samnanger søker ikkje om fornying av status som Fairtrade-kommune.

Ved innkjøp av kaffe, te, sjokolade og frukt skal ein halda fram med å velja Fairtrade-produkt, dersom dette er mogleg.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger søker ikkje om fornying av status som Fairtrade-kommune.



## **SAKNR. 074/2019: Søknad om overtaking av kostnad med snøbrøyting**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) erklærte seg ugild i saka, på grunn av nært slektskap med partar i saka. Han gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hans. Dag Nydal (Bl) gjekk inn som varamedlem under denne handsaminga, og varaordførar Øyvind Røen (Sp) gjekk inn som setjeordførar. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild. Dag Nydal deltok som følgje av dette òg under resten av handsaminga av saka.

Formannskapet si tilråding vart vedteken med 20 mot 1 røyst. Arild Røen (H) røysta imot.

Etter at det var gjort vedtak i saka, gjekk Dag Nydal frå og Knut Harald Frøland tok plass igjen i kommestyret.

### **KS- 074/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune tek ikkje over kostnaden oppsitjarane på Tveit har med brøyting av privat veg. Samnanger kommune opprettar ikkje tilskotsordning til vegvedlikehald eller snøbrøyting av private vegar no.

### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Denne saka vart handsama etter sak 046/2019, før sak 047/2019.

Knut Harald Frøland (Bl) bad om å få gildskapen sin vurdert. Han gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hans. Solveig Vassenden (Bl) gjekk inn som varamedlem under denne handsaminga. Knut Harald Frøland vart samrøystes funnen ugild. Solveig Vassenden deltok derfor òg i resten av handsaminga av saka.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande endringsframlegg i forhold til rådmannen sitt framlegg:

- *Ordet "no" vert lagt til i slutten av den andre setninga i framlegget."*

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Øyvind Røen sitt framlegg. Øyvind Røen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Etter at vedtaket vart gjort tok Knut Harald Frøland igjen plass i møtet, og Solveig Vassenden gjekk frå.

### **FORM- 050/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune tek ikkje over kostnaden oppsitjarane på Tveit har med brøyting av privat veg.

Samnanger kommune opprettar ikkje tilskotsordning til vegvedlikehald eller snøbrøyting av private vegar no.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune tek ikkje over kostnaden oppsitjarane på Tveit har med brøyting av privat veg. Samnanger kommune opprettar ikkje tilskotsordning til vegvedlikehald eller snøbrøyting av private vegar.

## SAKNR. 075/2019: Overføring av private vegar til kommunalt driftsansvar

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Sp) sette fram følgjande utsetjingsframlegg

*"Saka vert utsett i påvente av ei vurdering der Samnanger kommune og Samnanger idrettslag v/skigruppa ser på ei deling og lagar ein avtale der kommunen tek ein del av utgiftene og idrettslaget ein del."*

Det vart gjennomført røysting om utsetjingsframlegget til Monica Tjønnå. 3 medlemmer røysta for framlegget og 18 røysta imot.

For	Imot
Monica Tjønnå (Sp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Totland Moss (KrF)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Oskar Konrad Kienitz (Bl)
	Bright Olav Gåsdal (A)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Jon Magne Bøgevik (Ap)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Håvard Tvedterås (Frp)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune vurderer kommunalisering av vegen til Totræna og innarbeider dette i budsjett for 2021."*

Øyvind Strømmen (MDG) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte Arild Røen om at han trekte det første framlegget sitt, og om at han i staden sette fram følgjande framlegg:

*"Samnanger kommune vurderer å overta vintervedlikehold av vegen til Totræna vinterpark og innarbeider dette i budsjett for 2021."*

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune tek ikkje over driftsansvaret for Totrænavegen opp i skianlegget eller Tyssevegen opp til skytebana."*

Det vart først røysta over Arild Røen sitt framlegg til vedtak. 9 medlemmer røysta for og 12 imot dette framlegget.

For Arild Røen sitt framlegg	Imot Arild Røen sitt framlegg
Arild Røen (H)	Knut Harald Frøland (Bl)
Bright Olav Gåsdal (A)	Lena Tveit (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Martin Haugen (Bl)
Jon Magne Bogevik (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Ove Totland (Bl)
Oskar Røen (MDG)	Øyvind Steinsland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	Oskar Konrad Kienitz (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Gunn Totland Moss (Krf)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Håvard Tvedterås (Frp)

Det vart så røysta over Knut Harald Frøland sitt framlegg. 13 røysta for og 8 imot dette framlegget.

For Knut Harald Frøland sitt framlegg	Imot Knut Harald Frøland sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Lena Tveit (Bl)	Bright Olav Gåsdal (Ap)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Solveig Vassenden (Bl)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Ove Totland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Øyvind Steinsland (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Oskar Konrad Kienitz (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	

Det vart til slutt røysta over rådmannen sitt framlegg. Ingen røysta for dette framlegget.

Resultatet av røystinga vart dermed at framlegget til Knut Harald Frøland vart vedteke.

#### **KS- 075/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune tek ikkje over driftsansvaret for Totrænavegen opp i skianlegget eller Tyssevegen opp til skytebana.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune tek ikkje over driftsansvaret for Totrænavegen opp i skianlegget eller Tyssevegen opp til skytebana. Dette er private vegar som bør nytte bompengar som inntekstpotensialet for å finansiera vegvedlikehaldet og dugnad.

## **SAKNR. 076/2019: Rullering av handlingsprogram og prioritering av spelemiddelsøknader 2019**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 076/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune vedtek handlingsporgrammet for 2019 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølga:

1. Friidrettsbane
2. Bjørkheim friluftsområde

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune vedtek handlingsporgrammet for 2019 og prioriterer søknader om spelemidlar til ordinære anlegg i denne rekkefølga:

1. Friidrettsbane
2. Bjørkheim friluftsområde

## **SAKNR. 077/2019: Oppheving av kapittel 4 i personalvedtektene (tilsetjingsvedtekter)**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Administrasjonsutvalet si tilråding vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bogevik (Ap) røysta imot.

### **KS- 077/2019 Vedtak:**

Kapittel 4 i personalvedtektene (tilsetjingsvedtekter) vert oppheva med verknad frå 01.01.2020, og vert då erstatta med eit tilsettingsreglement som vert vedteke av rådmannen.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Kapittel 4 i personalvedtektene (tilsetjingsvedtekter) vert oppheva med verknad frå 01.01.2020, og vert då erstatta med eit tilsettingsreglement som vert vedteke av rådmannen.

## SAKNR. 078/2019: Overgang til lik arbeidstid i sommar- og vinterhalvåret for kontoradministrasjonen i Samnanger kommune

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Administrasjonsutvalet si tilråding vart vedteke med 19 mot 2 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Oskar Konrad Kienitz (Bl)	
Brigt Olav Gåsdal (A)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

### KS- 078/2019 Vedtak:

Arbeidstidsordninga for tilsette i Samnanger kommune som tilhøyrer gruppa kontoradministrasjon, vert med verknad frå 01.01.2020 endra til:

- Arbeidstida pr. veke er 37 timar og 55 minutt, inkludert matpause. Denne arbeidstida gjeld heile året.
  - Normalarbeidstida skal vera kl. 07.30-15.05.

Vedtaket er gjort med heimel i hovudtariffavtalen, kapittel 1, § 4.2.1.

### 21.11.2019 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) spurde om dei tilsette si arbeidstid vil verta redusert dersom rådmannen sitt framlegg vert vedteke. Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at arbeidstida vil verta redusert med 2,5 minutt pr. arbeidsdag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**ADM- 013/2019 Vedtak:**

Arbeidstidsordninga for tilsette i Samnanger kommune som tilhøyrrer gruppa kontoradministrasjon, vert med verknad frå 01.01.2020 endra til:

- Arbeidstida pr. veke er 37 timar og 55 minutt, inkludert matpause. Denne arbeidstida gjeld heile året.
  - Normalarbeidstida skal vera kl. 07.30-15.05.

Vedtaket er gjort med heimel i hovudtariffavtalen, kapittel 1, § 4.2.1.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Arbeidstidsordninga for tilsette i Samnanger kommune som tilhøyrrer gruppa kontoradministrasjon, vert med verknad frå 01.01.2020 endra til:

- Arbeidstida pr. veke er 37 timar og 55 minutt, inkludert matpause. Denne arbeidstida gjeld heile året.
  - Normalarbeidstida skal vera kl. 07.30-15.05.

Vedtaket er gjort med heimel i hovudtariffavtalen, kapittel 1, § 4.2.1.

**SAKNR. 079/2019: Klage på politisk vedtak - Skjenkeløyve - Milano Pizzeria Bjørkheim****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Det vart innleiingsvis gjennomført debatt om møtet skulle vera lukka under handsaminga av saka. Møtet vart lukka under denne debatten. Møtet vart opna igjen før kommunestyret røysta over spørsmålet om lukking av møtet. Det vart samrøystes vedteke å lukka møtet under handsaminga, med heimel i kommunelova § 11-5, andre ledd. Resten av handsaminga gjekk derfor for lukka dører.

Gunn Østvik Petersen (Ap) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Lena Tveit (Bl) fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Milano Pizzeria får skjenkeløyve som ei prøveordning fram til september 2020. Klasse 1 og 2 frå kl 12.00 - 01.00 kvar dag."*

11 medlemmer røysta for framlegget til Lena Tveit og 10 røysta for framlegget til rådmannen.

<b>For Lena Tveit sitt framlegg</b>	<b>For rådmannen sitt framlegg</b>
Knut Harald Frøland (Bl)	Brigt Olav Gåsdal (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Solveig Vassenden (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Ove Totland (Bl)	Monica Tjønnå (Sp)
Øyvind Steinsland (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Oskar Konrad Kienitz (Bl)	Arild Røen (H)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Øyvind Strømmen (MDG)
Odd Arne Haga (Frp)	Oskar Røen (MDG)
Håvard Tvedterås (Frp)	

**KS- 079/2019 Vedtak:**

Milano Pizzeria får skjenkeløyve som ei prøveordning fram til september 2020. Klasse 1 og 2 frå kl 12.00 - 01.00 kvar dag.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vedtaket i sak KS 045/19 vert ståande.

Klagen vert oversendt til Fylkesmannen i Vestland for endeleg avgjerd.

**SAKNR. 080/2019: Godkjenning av møteplan for 2020****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til endringar i forhold til formannskapet si tilråding:

*"Forslag om endringar i møteplan 2020 i forhold til formannskapet si tilråding:*

- *Kommunestyremøtet i januar vert flytta frå 30. til 16. januar. Dette møtet vert eit heildagsmøte med folkevaldopplæring i første del og deretter temamøte om 1-10 skule.*
- *Formannskapsmøtet 16. januar går ut.*
- *Kommunestyremøtet 5. mars vert folkevaldopplæring frå kl 12 og så kommunestyremøte frå kl 16.*
- *Kommunestyremøtet 11. juni vert folkevaldopplæring frå kl 12 og så kommunestyremøte frå kl 16.*
- *Første møte i administrasjonsutvalet vert flytta frå 11. mars til 13. februar."*

Linda Haug Kollbon (Frp) sette på vegner av Karl Kollbotn (Frp) fram ønske om følgjande endringar i møtedatoar for kommunestyret i 2020:

- *Flytta møtet 05.03.2020 til 12.03.2020.*
- *Flytta møtet 17.09.2020 til 16.09.2020.*
- *Flytta møtet 29.10.2020 til 28.10.2020.*

Knut Harald Frøland bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Arild Røen (H) fram framlegg om eit ekstra kommunestyremøte 30.04.2020 og eit ekstra formannskapsmøte 16.04.2020, og at det vert løyvd kr. 70 000 frå disposisjonsfondet til finansiering av desse møta.

Odd Arne Haga foreslo at det vert sett opp eit ekstraordinært kommunestyremøte i 2020 dersom det vert behov for dette.

Det vart til slutt i debatten bestemt at det skulle røystast over framlegga til Knut Harald Frøland og Arild Røen, samt over Linda Haug Kollbotn sitt framlegg om å flytta kommunestyremøta 17.09.2020 og 29.10.2020.

Arild Røen sitt framlegg vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

For Arild Røen sitt framlegg	Imot Arild Røen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	Odd Arne Haga (Frp)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Ove Totland (Bl)	
Øyvind Steinsland (Bl)	
Oskar Konrad Kienitz (Bl)	
Bright Olav Gåsdal (Ap)	
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	
Gunn Østvik Petersen (Ap)	
Jon Magne Bogevik (Ap)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	
Arild Røen (H)	
Oskar Røen (MDG)	

Linda Haug Kollbotn sitt framlegg om å flytting av kommunestyremøte frå 17.09.2020 til 16.09.2020 og frå 29.10.2020 til 28.10.2020 vart samrøystes vedteke.

Knut Harald Frøland sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Det vart til slutt røysta over formannskapet si tilråding, med vedtekne endringar. Med desse endringane vart formannskapet si tilråding samrøystes vedteken.

#### **KS- 080/2019 Vedtak:**

Formannskapet si tilråding til møteplan for 2020 vert vert vedteken, med følgjande endringar:

- Kommunestyremøtet i januar vert flytta frå 30. til 16. januar. Dette møtet vert eit heildagsmøte med folkevaldopplæring i første del og deretter temamøte om 1-10 skule.
- Formannskapsmøtet 16. januar går ut.
- Kommunestyremøtet 5. mars vert folkevaldopplæring frå kl 12 og så kommunestyremøte frå kl 16.
- Kommunestyremøtet 11. juni vert folkevaldopplæring frå kl 12 og så kommunestyremøte frå kl 16.
- Første møte i administrasjonsutvalet vert flytta frå 11. mars til 13. februar.
- Kommunestyremøtet 17. september vert flytta til 16. september.
- Kommunestyremøtet 29. oktober vert flytta til 28. oktober.
- Det vert eit ekstra kommunestyremøte 30. april og eit ekstra formannskapsmøte 16. april. Desse møta vert finansiert med kr. 70 000 frå disposisjonsfondet.



#### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådgjevar Jan Erik Boge orienterte om at administrasjonen foreslo følgjande endringar i forhold til det utsende framlegget til møteplan:

- Formannskapet sitt møte i januar vert flytta frå fredag 17.01.2020 til torsdag 16.01.2020.
- Naturutvalet sitt møte i mai vert flytta frå tysdag 19.05.2020 til tysdag 12.05.2020.
- Administrasjonsutvalet sitt møte i mars vert flytta frå onsdag 11.03.2020 til torsdag 12.03.2020.

Det var òg semje i formannskapet om å gjera følgjande endringar og presisering:

- Formannskapsmøtet i mai vert flytta frå onsdag 20.06.2020 til torsdag 28.05.2020.
- Kommunestyremøtet i juni vert flytta frå torsdag 04.06.2020 til torsdag 11.06.2020.
- Formannskapet sitt møte i januar skal vera heildagsmøte.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til møteplan, justert for dei endringane/presiseringane som er lista opp ovanfor.

#### **FORM- 044/2019 Vedtak:**

Framlegget til møteplan for 2020 vert vedteke, med følgjande endringar:

- Formannskapet sitt møte i januar vert flytta frå fredag 17.01.2020 til torsdag 16.01.2020. Dette møtet skal vera heildagsmøte.
- Naturutvalet sitt møte i mai vert flytta frå tysdag 19.05.2020 til tysdag 12.05.2020.
- Administrasjonsutvalet sitt møte i mars vert flytta frå onsdag 11.03.2020 til torsdag 12.03.2020.
- Formannskapet sitt møte i mai vert flytta frå onsdag 20.06.2020 til torsdag 28.05.2020.
- Kommunestyret sitt møte i juni vert flytta frå 04.06.2020 til torsdag 11.06.2020.

Vedtaket er gjort med heimel i § 11-2 i kommunelova.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegget til møteplan for 2020 vert vedteke. Vedtaket er gjort med heimel i § 11-2 i kommunelova.

## **SAKNR. 081/2019: Søknad om løypetilskudd på Kvamskogen**

#### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 081/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune gjev 15.000,- i tilskot til løypepreparering til Kvamskogen, med spesielt fokus på løyper frå Eikedalen og austover. Tilskotet vert årleg frå 2020 inntil kommunestyret i Samnanger kommune vedteke å avslutte ordninga. Frå 2020 vert tilskot utbetalt til Kvamskogen næringslag/Kvamskogen vel. Samnanger kommune deltek årleg i næringslaget sitt løypemøte i lag med dei andre tilskotytarane.

Tilskotet vert finansiert med fondet for fisk og friluftsføremål knt 251.20.476.

#### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram følgjande endringsframlegg i forhold til den siste setninga i rådmannen sitt framlegg:

*"Tilskotet vert finansiert med fondet for fisk og friluftsføremål knt 251.20.476".*

I røystinga vart framlegget til rådmannen sett opp mot framlegget til Øyvind Strømmen. Øyvind Strømmen sitt framlegg fekk fem røyster og vart vedteke. Rådmannen sitt framlegg fekk fire røyster.

Følgjande medlemmer røysta for Øyvind Strømmen sitt framlegg:

- Øyvind Strømmen (MDG)
- Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
- Martin Haugen (Bl)
- Lena Tveit (Bl)
- Gunn Totland Moss (KrF)

Følgjande medlemmer røysta for rådmannen sitt framlegg:

- Øyvind Røen (Sp)
- Knut Harald Frøland (Bl)
- Odd Arne Haga (Frp)
- Jon Magne Bogevik (Ap)

#### **FORM- 042/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune gjev 15.000,- i tilskot til løypepreparering til Kvamskogen, med spesielt fokus på løyper frå Eikedalen og austover. Tilskotet vert årleg frå 2020 inntil kommunestyret i Samnanger kommune vedteke å avslutte ordninga. Frå 2020 vert tilskot utbetalt til Kvamskogen næringslag/Kvamskogen vel. Samnanger kommune deltek årleg i næringslaget sitt løypemøte i lag med dei andre tilskotytarane.

Tilskotet vert finansiert med fondet for fisk og friluftsføremål knt 251.20.476.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune gjev 15.000,- i tilskot til løypepreparering til Kvamskogen, med spesielt fokus på løyper frå Eikedalen og austover. Tilskotet vert årleg frå 2020 inntil kommunestyret i Samnanger kommune vedteke å avslutte ordninga. Frå 2020 vert tilskot utbetalt til Kvamskogen næringslag/Kvamskogen vel. Samnanger kommune deltek årleg i næringslaget sitt løypemøte i lag med dei andre tilskotytarane.

Tilskotet vert finansiert med 50 % frå næringsfondet knt 1400.3251 og 50 % frå fisk og friluftsføremål knt 251.20.476.

## **SAKNR. 082/2019: Ingeniørhytta ved Svartavatnet**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bogevik (Ap) røysta imot.

### **KS- 082/2019 Vedtak:**

Rådmannen får mandat til å gå i dialog med grunneigarane og BKK om Ingeniørhytta si framtid.

Formannskapet vert styringsgruppe for prosjektet.

I forprosjektet vert det viktig å få avklara;

- Er hytta eit reiselivsmål og kva potensiale har den ?
- Nødvendige tiltak for hytta ?
- Investeringsbehov og finansiering ?
- Framtidig eigarskap ?
- Bruk av vegen og finansieringsløyser for ålmenta sin bruk ?
- Samarbeid med Kvam og «raude hytta» ?

### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med åtte mot ei røyst. Jon Magne Bogevik (Ap) røysta imot.

### **FORM- 038/2019 Vedtak:**

Rådmannen får mandat til å gå i dialog med grunneigarane og BKK om Ingeniørhytta si framtid.

Formannskapet vert styringsgruppe for prosjektet.

I forprosjektet vert det viktig å få avklara;

- Er hytta eit reiselivsmål og kva potensiale har den ?
- Nødvendige tiltak for hytta ?
- Investeringsbehov og finansiering ?
- Framtidig eigarskap ?
- Bruk av vegen og finansieringsløyser for ålmenta sin bruk ?
- Samarbeid med Kvam og «raude hytta» ?

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen får mandat til å gå i dialog med grunneigarane og BKK om Ingeniørhytta si framtid.

Formannskapet vert styringsgruppe for prosjektet.

I forprosjektet vert det viktig å få avklara;

- Er hytta eit reiselivsmål og kva potensiale har den ?
- Nødvendige tiltak for hytta ?
- Investeringsbehov og finansiering ?
- Framtidig eigarskap ?
- Bruk av vegen og finansieringsløyser for ålmenta sin bruk ?
- Samarbeid med Kvam og «raude hytta» ?

.

## **SAKNR. 083/2019: Forprosjekt - Fossen bratte**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande endringsframlegg:

*"Styringsgruppa blir utvida med ein rep. frå Samnanger næringsforum.*

*Endring av ordlyden i første avsnitt i tilrådinga:*

*Samnanger kommune startar eit forprosjekt om Fossen bratte for å vidareutvikla området ved fossen til eit internasjonalt reiselivsprodukt."*

I røystinga i saka vart Brigt Olav Gåsdal sitt endringsframlegg sett opp mot formannskapet si tilråding. Brigt Olav Gåsdal sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 083/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune startar opp eit forprosjekt om Fossen bratte, for å vidareutvikle «Bruresløret» som eit internasjonalt reiselivsmål.

Formannskapet og ein representant frå Samnanger næringsforum er styringsgruppe for prosjektet. Rådmannen rapporterer til styringsgruppa. Forprosjektet har eit budsjett på 400 000 kroner, der 50 % vert dekkja gjennom tilskot. Kommunen sin eigenandel vert finansiert med midlar inntil 200 000 kroner frå næringsfondet 1400.3251.

### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) orienterte om at rett skrivemåte skal vera Fossen bratte (ikkje Fossen Bratte) og Bruresløret (ikkje Brudesløret).

Jon Magne Bogevik (Ap) etterlyste informasjon om statuttane for næringsfondet. Han bad om at formannskapet får tilsendt desse statuttane.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med åtte mot ei røyst. Jon Magne Bogevik (Ap) røysta imot.

### **FORM- 039/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune startar opp eit forprosjekt om Fossen bratte, for å vidareutvikla «Bruresløret» som eit internasjonalt turistsymbol.

Formannskapet er styringsgruppe for prosjektet. Rådmannen rapporterer til styringsgruppa. Forprosjektet har eit budsjett på 400.000 kroner, der 50% vert dekt gjennom tilskot. Kommunen sin eigenandel vert finansiert med midlar - inntil 200.000 kroner - frå næringsfondet 1400.3251.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune startar opp eit forprosjekt om Fossen Bratte, for å vidareutvikle «Brudesløret» som eit internasjonalt turistsymbol.

Formannskapet er styringsgruppe for prosjektet. Rådmannen rapporterer til styringsgruppa. Forprosjektet har eit budsjett på 400.000 kroner, der 50% vert dekkja gjennom tilskot. Kommunen sin eigenandel vert finansiert med midlar inntil 200.000 kroner frå næringsfondet 1400.3251.

## SAKNR. 084/2019: Dagsturhytte i Samnanger

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KS- 084/2019 Vedtak:

- Samnanger kommune er positiv til Hordaland fylkeskommune sitt prosjekt om etablering av dagsturhytte på turmål i alle kommunane i heile fylket
- Etablering av dagsturhytte vert innarbeidd som tiltak i handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i 2020-2023, og kommunen søker tilskot frå spelemidlar i 2020.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Samnanger kommune er positiv til Hordaland fylkeskommune sitt prosjekt om etablering av dagsturhytte på turmål i alle kommunane i heile fylket
- Etablering av dagsturhytte vert innarbeidd som tiltak i handlingsprogrammet for kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i 2020-2023, og kommunen søker tilskot frå spelemidlar i 2020.

## SAKNR. 085/2019: Vurdering akuttberedskapen - First responder

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"First responder (FR) tenesta i Samnanger kommune skal videreførast.*

*Til formannskapsmøte 20.02.20 skal det i saksframstillinga kostnadsutgreiast følgjande 3 alt løysningar:*

- 1. Dagens løysning.*
- 2. Ei FR løysning som i dag, men der ein vurderer innsparingar i beredskapsbetaling og innsparingar ved at omsorgseiininga tek i bruk fullgode alt løysningar til løfteoppdrag.*
- 3. Ei FR løysing der ein bruker personell frå ordinær brannberedskap, der personell blir gitt naudsynt opplæring.*

*Det skal i tillegg spesifiseres korleis alt løysningar for løfteoppdrag blir handsama.*

*Det skal i framlegget til vedtak konkluderes på val av løysning."*

I røstinga i saka vart framlegget til Knut Harald Frøland sett opp mot formannskapet si tilråding.

Framlegget til Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

## **KS- 085/2019 Vedtak:**

First responder (FR)-tenesta i Samnanger kommune skal vidareførast.

Til formannskapsmøtet 20.02.20 skal det i saksframstillinga kostnadsutgreiast følgjande 3 alt. løysingar:

1. Dagens løysing.
2. Ei FR-løysing som i dag, men der ein vurderer innsparingar i beredskapsbetaling og innsparingar ved at omsorgseiininga tek i bruk fullgode alt. løysingar til løfteoppdrag.
3. Ei FR-løysing der ein brukar personell frå ordinær brannberedskap, der personell blir gitt naudsynt opplæring.

Det skal i tillegg spesifiserast korleis alt. løysingar for løfteoppdrag blir handsama.

Det skal i framlegget til vedtak konkluderast på val av løysing.

### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis presenterte Eystein J. Hauge frå Capitatum Health Partner AS rapporten som er utarbeidd om akutthjelparordninga (rapporten og tilleggsnotatet som låg som vedlegg i saka).

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande endringsframlegg i forhold til rådmannen sitt framlegg: *"Den første setninga i det første kulepunktet i rådmannen sitt framlegg vert teke vekk".*

Øyvind Strømmen (MDG) påpeika at ordet "ikkje" bør takast vekk frå den siste setninga i rådmannen sitt framlegg, slik at innhaldet i setninga vert eintydig. Formannskapet sluttta seg til dette.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande endringsframlegg i forhold til rådmannen sitt framlegg: *"I den siste setninga skal følgjande leggjast til på slutten: når det er på plass gode alternative ordningar."*

Det vart først røysta punktvis over endringsframlegga frå Knut Harald Frøland og Øyvind Røen.

Endringsframlegget til Knut Harald Frøland vart vedteke med seks mot tre røyster.

Følgjande medlemmer røysta for Knut Harald Frøland sitt endringsframlegg:

- Gunn Totland Moss (KrF)
- Knut Harald Frøland (Bl)
- Martin Haugen (Bl)
- Lena Tveit (Bl)
- Odd Arne Haga (Frp)
- Øyvind Røen (Sp)

Følgjande medlemmer røysta imot Knut Harald Frøland sitt endringsframlegg:

- Jon Magne Bøgevik (Ap)
- Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
- Øyvind Strømmen (MDG)

Endringsframlegget til Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

Til slutt vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot rådmannen sitt framlegg justert med dei vedtekne endringsframlegga. Rådmannen sitt framlegg justert med dei vedtekne endringsframlegga vart samrøystes vedteke.

**FORM- 051/2019 Vedtak:**

First responder tenesta i Samnanger kommune skal vidareførast.

- Kommunen bør reforhandla dei økonomiske vilkåra i samband med akuttberedskaperen, og følgja opp helsedirektoratet sin intensjon med ordninga når forholda ligg til rette for dette.
- Løfteoppdrag og direkte oppdrag frå omsorgseininga bør verta unngått med mindre dei er knytte til akuttoppdrag, når det er på plass gode alternative ordningar.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

First responder tenesta i Samnanger kommune vidareførast.

- Dei økonomiske vilkåra for tenesta bør verte vurdert kontinuerleg. Kommunen bør reforhandle dei økonomiske vilkåra i samband med akuttberedskaperen, og følgje opp helsedirektoratet sin intensjon med ordninga når forholda ligg til rette for dette.
- Løfteoppdrag og direkte oppdrag frå omsorgseininga bør verte unngått med mindre dei ikkje er knytt til akuttoppdrag.

**SAKNR. 086/2019: Økonomirapportering pr november 2019****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 086/2019 Vedtak:**

Økonomirapportering vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

<b>Driftsbudsjettet:</b>	<b>Utgift opp/ Inntekt ned</b>	<b>Utgift ned/ Inntekt opp</b>
Inntektsutjamning og skatt		200 000
Redusere avdragsbetaling (minimumsavdrag)		190 000
Havbruksfond	376 700	
Auka utbytte frå BIR		132 000
Premieavvik	1 000 000	
Innsparing pensjon		1 290 700
Eigedomsskatt Statnett	970 000	
kalkulatoriske renter sjølvkost		100 000
Endra finansiering barnevern, tilskot frå FM		1 204 000
tilbakeført bruk av disp.fond	1 204 000	
Rådmann og stab, overtid, konsulent mm	300 000	
Innsparing ansvar 2000		120 000
I-pad folkevalgte	60 000	
Endra finansiering PC IKTN		130 000
Endra finansiering skulepc		100 000
Avsett til veglag Nyutlørtræ vert ført tilbake		200 000
Innsparing kultur		50 000

Arkivlokale og alarm	20 000	
Meirforbruk beredskap	440 000	
Innsparing på andre anavar på 41		290 000
Barnehage	750 000	
Barneskule	800 000	
tapte inntekter barneskule	190 000	
Redusert avsetning til disposisjonsfond		1 204 000
Redusert avsetning til disposisjonsfond		900 000
<b>Investeringsbudsjettet:</b>	<b>Utgift opp/ Inntekt (finansiering) ned</b>	<b>Utgift ned/ Inntekt (finansiering) opp</b>
BOF badevik Bjørkheim		2 000 000
Finansiering tilskot	1 400 000	
Ubunde investeringsfond	254 598	
Sima-Samnangerfond	345 402	
Forseinka prosjekt VA Ytre Tysse		4 000 000
Finansiering ubrukte lånemidler	4 000 000	
Nordbygda høgdebasseng		900 000
Finansiering ubrukte lånemidler	900 000	
sal tomt Lønnebakken		450 000
Avsett til Næringsfond	450 000	
Gangveg til Hagabotnane		300 000
Ubunde investeringsfond	300 000	
Sikring bru Jarland		350 000
Ubunde investeringsfond	350 000	
Ras- og flaumsikring - forseinka		2 000 000
Finansiering ubrukte lånemidler	2 000 000	
Visma prosjekt KS 9/2019 forseinka		800 000
Ubunde investeringsfond	800 000	
Endra finansiering frå drift (IKT)	230 000	
Ubunde investeringsfond (IKT)	0	230 000
Ipad folkevalde går ut		154 000
Ubunde investeringsfond	154 000	
Tilskot til idrettshall		2 000 000
Ført som krav pr 31.12.18	152 500	
Settes av til bunde fond	1 847 500	
<b>Kontrollsum</b>	<b>17 294 700</b>	<b>17 294 700</b>

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Økonomirapportering vert tatt til etterretning og det vert gjennomført fylgjande budsjettjusteringar:

<b>Driftsbudsjettet:</b>	<b>Utgift opp/ Inntekt ned</b>	<b>Utgift ned/ Inntekt opp</b>
Inntektsutjamning og skatt		200 000
Redusere avdragsbetaling (minimumsavdrag)		190 000
Havbruksfond	376 700	
Auka utbytte frå BIR		132 000
Premieavvik	1 000 000	
Innsparing pensjon		1 290 700



Eigedomsskatt Statnett	970 000	
kalkulatoriske renter sjølvkost		100 000
Endra finansiering barnevern, tilskot frå FM		1 204 000
tilbakeført bruk av disp.fond	1 204 000	
Rådmann og stab, overtid, konsulent mm	300 000	
Innsparing ansvar 2000		120 000
I-pad folkevalgte	60 000	
Endra finansiering PC IKTN		130 000
Endra finansiering skulepc		100 000
Avsett til veglag Nyutløtræ vert ført tilbake		200 000
Innsparing kultur		50 000
Arkivlokale og alarm	20 000	
Meirforbruk beredskap	440 000	
Innsparing på andre anavar på 41		290 000
Barnehage	750 000	
Barneskule	800 000	
tapte inntekter barneskule	190 000	
Redusert avsetning til disposisjonsfond		1 204 000
Redusert avsetning til disposisjonsfond		900 000
<b>Investeringsbudsjettet:</b>	<b>Utgift opp/ Inntekt (finansiering) ned</b>	<b>Utgift ned/ Inntekt (finansiering) opp</b>
BOF badevik Bjørkheim		2 000 000
Finansiering tilskot	1 400 000	
Ubunde investeringsfond	254 598	
Sima-Samnangerfond	345 402	
Forseinka prosjekt VA Ytre Tysse		4 000 000
Finansiering ubrukte lånemidler	4 000 000	
Nordbygda høgdebasseng		900 000
Finansiering ubrukte lånemidler	900 000	
sal tomt Lønnebakken		450 000
Avsett til Næringsfond	450 000	
Gangveg til Hagabotnane		300 000
Ubunde investeringsfond	300 000	
Sikring bru Jarland		350 000
Ubunde investeringsfond	350 000	
Ras- og flaumsikring - forseinka		2 000 000
Finansiering ubrukte lånemidler	2 000 000	
Visma prosjekt KS 9/2019 forseinka		800 000
Ubunde investeringsfond	800 000	
Endra finansiering frå drift (IKT)	230 000	
Ubunde investeringsfond (IKT)	0	230 000
Ipad folkevalde går ut		154 000
Ubunde investeringsfond	154 000	
Tilskot til idrettshall		2 000 000
Ført som krav pr 31.12.18	152 500	
Settes av til bunde fond	1 847 500	
<b>Kontrollsum</b>	<b>17 294 700</b>	<b>17 294 700</b>

## **SAKNR. 087/2019: Digitale løsninger for folkevalde i Samnanger i valperioden 2019-2023**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **KS- 087/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune skal med verknad frå 2020 ta i bruk ACOS Møteportal som verktøy for dei folkevalde i kommunen. Dette vert finansiert med inntil 90 000 kroner frå disposisjonsfondet.

Kommunen skal frå 2020 gå vekk frå den noverande ordninga med kommunale e-postadresser for folkevalde.

Kommunen skal framleis ha ordning med kommunale nettbrett for dei folkevalde som ønskjer dette. Folkevalde som ikkje ønskjer kommunalt nettbrett, kan i staden få utbetalt ei godtgjersle for å halda seg med nettbrett/PC sjølv.

### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten sette rådmannen fram følgande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune skal med verknad frå 2020 ta i bruk ACOS Møteportal som verktøy for dei folkevalde i kommunen. Dette vert finansiert med inntil 90 000 kroner frå disposisjonsfondet.*

*Kommunen skal frå 2020 gå vekk frå den noverande ordninga med kommunale e-postadresser for folkevalde.*

*Kommunen skal framleis ha ordning med kommunale nettbrett for dei folkevalde som ønskjer dette. Folkevalde som ikkje ønskjer kommunalt nettbrett, kan i staden få utbetalt ei godtgjersle for å halda seg med nettbrett/PC sjølv."*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 049/2019 Vedtak:**

Samnanger kommune skal med verknad frå 2020 ta i bruk ACOS Møteportal som verktøy for dei folkevalde i kommunen. Dette vert finansiert med inntil 90 000 kroner frå disposisjonsfondet.

Kommunen skal frå 2020 gå vekk frå den noverande ordninga med kommunale e-postadresser for folkevalde.

Kommunen skal framleis ha ordning med kommunale nettbrett for dei folkevalde som ønskjer dette. Folkevalde som ikkje ønskjer kommunalt nettbrett, kan i staden få utbetalt ei godtgjersle for å halda seg med nettbrett/PC sjølv.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

## SAKNR. 088/2019: Val av eldreråd 2019 - 2023

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Marianne Soleng (avdelingsleiar ved sørvissenteret) orienterte om at Bjørg Solvang har meldt frå om at ho ikkje ønskjer å stilla til val til eldrerådet, og at det som følgje av dette var behov for å finna ein erstattar for ho.

Solveig Vassenden (Bl) sette fram følgjande endringsframlegg:

- *"Karin Børdal Tveit vert fast medlem i staden for Eva Hellevang. Eva Hellevang vert varamedlem.*
- *Anne-Mari Steinsland vert varamedlem i staden for Bjørg Solvang."*

Endringsframlegget til Solveig Vassenden vart samøystes vedteke.

### KS- 088/2019 Vedtak:

#### Eldreråd 2019-2023

Medlemmar	Personlege varamedlemmar
Karin Børdal Tveit (Pensjonistlaget)	Eva Hellevang
Svein Verner Røseth	Inger Karin Totland (Fagforbundet)
Solveig Vassenden (Bl)	Gunnar Bruvik
Solveig Sjursen (Pensjonistlaget)	Anne Mari Steinsland (Pensjonistlaget)
Terje Totland	Ole Totland

Arbeidsutvalet for val av ymse nemnder, råd og utval m.m. sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet 2019-2023:

Medlemmar:	Personlege varamedlemmar:
Eva Hellevang	Bjørg Solvang (Pensjonistforbundet)
Svein Verner Røseth Solveig Vassenden (Bl)	Inger Karin Totland (Fagforbundet) Gunnar Bruvik
Solveig Sjursen (Pensjonistforbundet)	Karin Børdal Tveit (Pensjonistforbundet)
Terje Totland	Ole Totland

## SAKNR. 089/2019: Val av råd for personar med nedsett funksjonsevne 2019-2023

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Marianne Soleng (avdelingsleiar ved sørvissenteret) orienterte om at det i arbeidsutvalet sitt framlegg ikkje er foreslått personlege varamedlemer.

Arbeidsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS- 089/2019 Vedtak:****Råd for personar med nedsett funksjonsevne 2019-2023**

Medlemmar	Varamedlemmar
Gunnar Utskot	Kristin Solvåg
Monica Tjønnna	Martin Haugen
Henrik Røen	Miriam Hisdal

**Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 2019-2023:

Medlemmar:	Varamedlemmar:
Gunnar Utskot	Kristin Solvåg
Monica Tjønnna	Martin Haugen
Henrik Røen	Miriam Hisdal

**SAKNR. 090/2019: Val av sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023****05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Marianne Soleng (avdelingsleiar sørvissentere) orienterte om at Hjørdis Thieme Klyve har meldt frå om at ho ikkje ønskjer stilla til val. Ho orienterte vidare om at det som følgje av dette vart det foreslått at Jorunn Mo Nilsen går inn som fast medlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og at det vert valt ein annan kvinneleg varamedlem.

Marianne Soleng orienterte òg og om at Frode Odland har meldt frå om at ha ikkje ønskjer å stilla til val, og at Asbjørn Moss vert foreslått som varamedlem i klagenemnda for eigedomsskatt i staden for Frode Odland.

Monica Tjønnna (Sp) foreslo seg sjølv som ny kvinneleg varamedlem i sakkunnig nemnd for eigedomsskatt (som erstattar for Jorunn Mo Nilsen).

Med dei endringane som går fram ovanfor vart arbeidsutvalet sitt framlegg samrøystes vedteke. Arbeidsutvalet sitt opprinnelege framlegg fekk ingen røyster.

**KS- 090/2019 Vedtak:****Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt 2019-2023**

Medlemmar	Varamedlemmar i rekkefølge
Ove Sandvik (leiar)	Ole Totland
Kjell Roar Nordvik (nestleiar)	Monica Tjønnna
Jorunn Mo Nilsen	Magnus Erdal

**Klagenemnd for eigedomsskatt 2019-2023**

Medlemmar	Varamedlemmar i rekkefølge
Elin Gjerde (leiar)	Asbjørn Moss
Harald Boge (nestleiar)	Knut Haga
Martha K. Nymark	Gisle G. Øye
Bjørn Sævild	
Stein Odvar Kleppe	

### Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:

Eigedomsskatt – klagenemnd 2019-2023:

Medlemmar:	Varamedlemmar i rekkjefølgje:
Elin Gjerde (leiar)	Frode Odland
Harald Boge (nestleiar) Martha K. Nymark	Knut Haga Gisle G. Øye
Bjørn Sævild Stein Odvar Kleppe	

Eigedomsskatt – sakkunnig nemnd 2019-2023:

Medlemmar:	Varamedlemmar i rekkjefølgje:
Ove Sandvik (leiar)	Ole Totland
Kjell Roar Nordvik (nestleiar)	Jorunn Mo Nilsen
Hjørdis Klyve Thieme	Magnus Erdal

## **SAKNR. 091/2019: Nedlegging av klagenemnd/ klageutval på politiske vedtak og takstutval for jordbruks-, skogbruks- og andre eigedomar**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Arbeidsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 091/2019 Vedtak:**

Klagenemnd/ klageutval på politiske vedtak og takstutval for jordbruk-, skogbruks- og andre eigedomar vert lagt frå og med 01.01.2020.

Som følgje av at klagenemnda/klageutvalet vert lagt ned, vert formannskapet ny klageinstans for enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28, andre avsnitt, første setning.

Desse endringane må innarbeidast i kommunen sitt delegeringsreglement. Rådmannen får fullmakt til å gjera dette.

### **Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Klagenemnd/ klageutval på politiske vedtak og takstutval for jordbruk-, skogbruks- og andre eigedomar vert lagt frå og med 01.01.2020.

Som følgje av at klagenemnda/ klageutvalet vert lagt ned, vert formannskapet ny klageinstans for enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28, andre avsnitt, første setning.

Desse endringane må innarbeidast i kommunen sitt delegeringsreglement. Rådmannen får fullmakt til å gjera dette.

## **SAKNR. 092/2019: Suppleringsval varamedlemsliste kontrollutvalet 2019-2023**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **KS- 092/2019 Vedtak:**

Oppgjeret for valet av kontrollutval 2019-2023 (kommunestyresak 061/2019) vert justert som følgjer:

- Den noverande femte varamedlemmen til grupperinga Bygdalista, Framstegspartiet, Senterpartiet og Kristeleg folkeparti, Dag Nydal (Bl) går ut. Den noverande sjettemedlemmen, Helene Mjelde Foss (Bl), rykkjer opp til femte varamedlem.

Vedtaket er gjort med heimel i reglane om kjønnsbalanse/kjønnsrepresentasjon i § 7-6 i kommunelova.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Oppgjeret for valet av kontrollutval 2019-2023 (kommunestyresak 061/2019) vert justert som følgjer:

- Den noverande femte varamedlemmen til grupperinga Bygdalista, Framstegspartiet, Senterpartiet og Kristeleg folkeparti, Dag Nydal (Bl) går ut. Den noverande sjettemedlemmen, Helene Mjelde Foss (Bl), rykkjer opp til femte varamedlem.

Vedtaket er gjort med heimel i reglane om kjønnsbalanse/kjønnsrepresentasjon i § 7-6 i kommunelova.

## **SAKNR. 093/2019: Val av ymse nemnder, råd og utval m.m 2019-2023**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Brigt Olav Gåsdal (Ap) viste til at ifølgje statuttane til Ole Hildersmark og søskens legat skal ordføraren og leiaren i naturutvalet vera faste medlemmer, og at det som følgje av dette måtte gjerast ei endring i forhold til arbeidsutvalet sitt framlegg. Endringa er at Karl B. Kollbotn (leiar i naturutvalet) får status som fast medlem og at Øyvind Røen får status som medlem.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg om at Linda Haug Kollbotn vert medlem i kyrkjeleg fellesråd i staden for Inge Aasgaard.

Brigt Olav Gåsdal viste til arbeidsutvalet sitt framlegg om at varamedlemslista for plassnemnda for idrettsanlegget i Hagabotnane består av tre menn, og spurde om reglane om kjønnsbalanse gjeld for denne nemnda. Martin Haugen (Bl) foreslo at Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) vert varamedlem i plassnemnda i staden for Karl B. Kollbotn (Frp).

Etter debatten vart det avklart at Øyvind Røen og Brigt Olav Gåsdal skulle stå som felles forslagsstillarar for endringsframlegga som er nemnde i avsnitta ovanfor. Det felles endringsframlegget deira var som følgjer:

"Som arbeidsutvalet sitt framlegg, men med følgjande endringar:

- Karl B. Kollbotn (leiar i naturutvalet) vert fast medlem og Øyvind Røen vert medlem i Ole Hildersmark og søskens legat.
- Linda Haug Kollbotn vert medlem i kyrkjeleg fellesråd i staden for Inge Aasgaard.
- Anja Elisabeth Gjerde Markhus vert varamedlem i plassnemnda for sentralidrettsanlegget i Hagabotnane i staden for Karl B. Kollbotn. "

Framlegget til Øyvind Røen og Brigte Olav Gåsdal vart samrøystes vedteke. Arbeidsutvalet sitt framlegg fekk ingen røyster.

#### **KS- 093/2019 Vedtak:**

Arbeidsutvalet sitt framlegg vert vedteke, med følgjande endringar:

- Karl B. Kollbotn (leiar i naturutvalet) vert fast medlem og Øyvind Røen vert medlem i Ole Hildersmark og søskens legat.
- Linda Haug Kollbotn vert fast medlem i kyrkjeleg fellesråd i staden for Inge Aasgaard.
- Anja Elisabeth Gjerde Markhus vert varamedlem i plassnemnda for sentralidrettsanlegget i Hagabotnane i staden for Karl B. Kollbotn.

#### **Arbeidsutvalet sitt framlegg til vedtak:**

Framlegget til val av nemnder, råd og utval for kommunestyreperioden 2019-2023 frå arbeidsutvalet vert vedteke slik det ligg føre.

## **SAKNR. 094/2019: Renovasjonsgebyr 2020**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 094/2019 Vedtak:**

1. Samnanger kommune vedtek at BIR AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegner av Samnanger kommune, jfr § 12 i forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2020 vert sett opp med 1 %, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.

Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i samsvar med fylgjande vedlegg:

1. Pristabell renovasjonsgebyr Samnanger kommune 2020.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Samnanger kommune vedtek at BIR AS får delegert fullmakt til fakturering og innkrevjing av avfallsgebyret på vegner av Samnanger kommune, jfr § 12 i forskrift om handtering av avfall frå hushaldning. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.
2. Prisen på renovasjonstenesta for 2020 vert sett opp med 1 %, med unntak av eigenandelen for levering til gjenvinningstasjonane og einskilde tenester utanfor standard renovasjon. Desse vert haldne uendra.  
Samnanger kommune vedtek avfallsgebyr i samsvar med fylgjande vedlegg:

1. Pristabell renovasjonsgebyr Samnanger kommune 2020.

## **SAKNR. 095/2019: Vedlikehald - Ungdomsskulen, Kommunehuset og brannstasjonen**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande endringsframlegg i forhold til formannskapet si tilråding: *"Punkt 2 i formannskapet si tilråding til kommunestyret i sak 096/2019 (Budsjett- og økonomiplan 2020-2023) vert lagt til i lista over kva moglegheitsstudien skal innehalda utgreiingar om. Punkt 2 i formannskapet si tilråding gjeld spørsmål om innføring av innføring av grense på 2 km mellom heim og skule for å få innvilga gratis skuleskyss".*

I røytinga vart formannskapet si tilråding sett opp mot Odd Arne Haga sitt endringsframlegg. Framlegget til Odd Arne Haga vart samrøystes vedteke.

### **KS- 095/2019 Vedtak:**

Administrasjonen legg fram ei eiga sak om brannstasjon i første halvår 2020. Større rehabilitering av ungdomsskulen vert sett på vent til ein moglegheitsstudie for 1–10-skule, barnehage m.m. er gjennomført, jf. vedtak i kommunestyresakene 035 og 041/2019. Denne moglegheitsstudien skal innehalda utgreiingar om følgjande tiltak:

1. 1–10-skule på Gjerde, dvs. flytting av ungdomsskulen frå Tysse til Gjerde. I dette ligg det at bygningane til Dropeslottet barnehage skal nyttast til skule.
2. Plassering av fleirbrukshall ved skulen på Gjerde.
3. Større gymnastikksal eller «skulehall» på Gjerde som alternativ til fleirbrukshall.
4. Samanslåing av barnehagane, lokalisert til Vassloppa barnehage i Nordbygda.
5. Opningstider for barnehagen i feriane og betalingsattsar, som er meir tilpassa ønske frå foreldra.
6. Billegare eller gratis SFO.
7. Mogeleg etterbruk av bygningane til Samnanger ungdomsskule på Tysse
8. Etterbruk av kommunehuset på Tysse dersom det vert aktuelt å flytta sentraladministrasjonen.
9. Innføring av grense på 2 km mellom heim og skule for å få innvilga gratis skuleskyss.

For alle tiltaka som er nemnde ovanfor, skal lagast eit oversyn over alle mogelege investeringskostnader, t.d. også utgiftene til reguleringsplanar. Det skal utarbeidast ein plan for lån og tilbakebetaling.

Det må lagast ein tidsplan for dei ulike tiltaka.

Det er også viktig å presentera ein kalkyle for framtidige driftsutgifter dersom dei ulike tiltaka vert realiserte, og det må koma klart fram kva endringar ein kan venta i høve til dagens driftsutgifter. Her må det lagast eit oversyn (bemanningssplan) over behovet for tilsette etter at tiltaka er gjennomførte.

Studien skal peika på gode klima- og miljøløysingar, bl.a. effektive enøk-tiltak. Målet er reduserte CO<sub>2</sub>-utslepp og lågare utgifter for kommunen.



### **Presiseringar og vilkår for nokre av tiltaka ovanfor:**

#### 1–10-skule på Gjerde med fleirbrukshall eller stor gymsal

Studien må greia ut korleis ein samla skule kan gje god undervisning og skapa eit trygt skulemiljø for alle elevane.

Skulen skal ha dei fasilitetane som krevst av ein moderne ungdomsskule, men bassenget på Tysse skal framleis kunna brukast, iallfall fram til det treng større rehabilitering. Drift av bassenget og skyss av elevar til bassenget må difor leggjast inn i kalkylen for framtidige driftsutgifter. Det må likevel vurderast om det er mogeleg å byggja basseng på Gjerde seinare.

I studien må det vurderast ulike alternativ for elevtalsutviklinga, og ein må sjå på om det er mogleg med seinare utviding/påbygging av skulebygningane.

Studien må seia noko om korleis fleirbrukshallen/gymsalen kan brukast av både av skulen og andre, på dag- og kveldstid.

Det må lagast ein plan for parkering ved skulen for dei to alternativa, fleirbrukshall og stor gymsal.

Det er eit mål å spara dyrka mark ved ei utbygging på Gjerde.

#### Samla barnehage i Nordbygda (Vassloppa)

Studien må vurdere ulike framskrivingar av behovet for barnehageplassar.

Studien skal sjå kva som må gjerast for å redusere eventuelle ulemper med å samla fleire born i éin barnehage, slik at barnehagen kan gje eit fullgodt pedagogisk tilbod.

Standarden på vegen fram til barnehagen og trongen for parkeringsplassar må vurderast.

#### Billegare eller gratis SFO.

Her skal det reknast på ulike alternativ.

#### Ungdomsskulen på Tysse.

Her skal det særleg undersøkjast om det råd å flytta både personalet på kommunehuset (sentraladministrasjonen) og eininga for teknisk drift til ungdomsskulen. Kommunen vil då ikkje lenger leiga lokale på Frøland. Viss denne løysinga vert vald, må arealbehovet vurderast nøye. Det kan vera aktuelt å tenkja alternativ bruk for ein del av arealet.

\* \* \*

Formannskapet skal fungera som styringsgruppe for moglegheitsstudien. Rådmannen må sørgja for at relevante interessepartar vert inviterte til å delta i møte i styringsgruppa og prosessar, t.d. i arbeidsgrupper, mellom møta. Dette gjeld m.a. verneombod og tillitsvalde.

Første møtet i styringsgruppa skal vera i januar 2020. Til dette møtet skal det inviterast representantar frå andre kommunar/organisasjonar til å fortelja om sine røynsler frå tilsvarande prosjekt med 1–10-skule og barnehage med nokolunde same storleiken som ein samanslegen barnehage i Samnanger vil ha.

Rådmannen skal, saman med kvalifisert ekstern rådgjevar, førebu møte, føra referat og følgja opp bestillingar frå møta.

Studien skal vera utført innan 1. juni 2020, og rapport skal presenterast for kommunestyret i siste møtet før sommaren 2020.

Det vert løyvd 250.000 kr til gjennomføring av moglegheitsstudien.

#### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Administrasjonen legg fram ei eiga sak om brannstasjon i første halvår 2020. Rehabilitering av ungdomsskulen vert sett på vent til ein moglegheitstudie for 1–10-skule, barnehage m.m. er gjennomført, jf. vedtak i kommunestyresakene 035 og 041/2019. Denne moglegheitsstudien skal innehalda utgreiingar om følgjande tiltak:*

1. *1–10-skule på Gjerde, dvs. flytting av ungdomsskulen frå Tysse til Gjerde. I dette ligg det at bygningane til Dropeslottet barnehage skal nyttast til skule.*
2. *Plassering av fleirbrukshall ved skulen på Gjerde.*
3. *Større gymnastikksal eller «skulehall» på Gjerde som alternativ til fleirbrukshall.*
4. *Samanslåing av barnehagane, lokalisert til Vassloppa barnehage i Nordbygda.*
5. *Opningstider for barnehagen i feriane og betalingsattsar, som er meir tilpassa ønske frå foreldra.*
6. *Billegare eller gratis SFO.*
7. *Mogeleg etterbruk av bygningane til Samnanger ungdomsskule på Tysse*
8. *Etterbruk av kommunehuset på Tysse dersom det vert aktuelt å flytta sentraladministrasjonen.*

*For alle tiltaka som er nemnde ovanfor, skal lagast eit oversyn over alle mogelege investeringskostnader, t.d. også utgiftene til reguleringsplanar. Det skal utarbeidast ein plan for lån og tilbakebetaling.*

*Det må lagast ein tidsplan for dei ulike tiltaka.*

*Det er også viktig å presentera ein kalkyle for framtidige driftsutgifter dersom dei ulike tiltaka vert realiserte, og det må koma klart fram kva endringar ein kan venta i høve til dagens driftsutgifter. Her må det lagast eit oversyn (bemanningsplan) over behovet for tilsette etter at tiltaka er gjennomførte.*

*Studien skal peika på gode klima- og miljøløysingar, bl.a. effektive enøk-tiltak. Målet er reduserte CO<sub>2</sub>-utslepp og lågare utgifter for kommunen.*

#### ***Presiseringar og vilkår for nokre av tiltaka ovanfor:***

##### ***1–10-skule på Gjerde med fleirbrukshall eller stor gymsal***

*Studien må greia ut korleis ein samla skule kan gje god undervisning og skapa eit trygt skulemiljø for alle elevane.*

*Skulen skal ha dei fasilitetane som krevst av ein moderne ungdomsskule, men bassenget på Tysse skal framleis kunna brukast, iallfall fram til det treng større rehabilitering. Drift av bassenget og skyss av elevar til bassenget må difor leggjast inn i kalkylen for framtidige driftsutgifter. Det må likevel vurderast om det er mogeleg å byggja basseng på Gjerde seinare.*

*I studien må det vurderast ulike alternativ for elevtalsutviklinga, og ein må sjå på om det er mogleg med seinare utviding/påbygging av skulebygningane.*

*Studien må seia noko om korleis fleirbrukshallen/gymsalen kan brukast av både av skulen og andre, på dag- og kveldstid.*

*Det må lagast ein plan for parkering ved skulen for dei to alternativa, fleirbrukshall og stor gymsal.*

*Det er eit mål å spara dyrka mark ved ei utbygging på Gjerde.*

### Samla barnehage i Nordbygda (Vassloppa)

Studien må vurdere ulike framskrivingar av behovet for barnehageplassar.

Studien skal sjå kva som må gjerast for å redusere eventuelle ulemper med å samla fleire born i éin barnehage, slik at barnehagen kan gje eit fullgodt pedagogisk tilbod.

Standarden på vegen fram til barnehagen og trongen for parkeringsplassar må vurderast.

### Billegare eller gratis SFO.

Her skal det reknast på ulike alternativ.

### Ungdomsskulen på Tysse.

Her skal det særleg undersøkjast om det råd å flytta både personalet på kommunehuset (sentraladministrasjonen) og eininga for teknisk drift til ungdomsskulen. Kommunen vil då ikkje lenger leiga lokale på Frøland. Viss denne løysinga vert vald, må arealbehovet vurderast nøye. Det kan vera aktuelt å tenkja alternativ bruk for ein del av arealet.

\* \* \*

Formannskapet skal fungera som styringsgruppe for moglegheitsstudien. Rådmannen må sørge for at relevante interessepartar vert inviterte til å delta i møte i styringsgruppa og prosessar, t.d. i arbeidsgrupper, mellom møta. Dette gjeld m.a. verneombod og tillitsvalde.

Første møtet i styringsgruppa skal vera i januar 2020. Til dette møtet skal det inviterast representantar frå andre kommunar/organisasjonar til å fortelja om sine røynsler frå tilsvarende prosjekt med 1–10-skule og barnehage med nokolunde same storleiken som ein samanslegen barnehage i Samnanger vil ha.

Rådmannen skal, saman med kvalifisert ekstern rådgjevar, førebu møte, føra referat og følgja opp bestillingar frå møta.

Studien skal vera utført innan 1. juni 2020, og rapport skal presenterast for kommunestyret i siste møtet før sommaren 2020.

Det vert løyvd 250.000 kr til gjennomføring av moglegheitsstudien."

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet gjorde Øyvind Røen ei lita endring i framlegget sitt. Endringa var at ordet "større" vert lagt til i den andre setninga i framlegget. Starten av denne setninga vert då "Større rehabilitering av ungdomsskulen" i staden for "Rehabilitering av ungdomsskulen".

I røystinga vart rådmannen sitt framlegg sett opp mot Øyvind Røen sitt framlegg. Øyvind Røen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FORM- 040/2019 Vedtak:**

Administrasjonen legg fram ei eiga sak om brannstasjon i første halvår 2020. Større rehabilitering av ungdomsskulen vert sett på vent til ein moglegheitstudie for 1–10-skule, barnehage m.m. er gjennomført, jf. vedtak i kommunestyresakene 035 og 041/2019. Denne moglegheitsstudien skal innehalda utgreiingar om følgjande tiltak:

1. 1–10-skule på Gjerde, dvs. flytting av ungdomsskulen frå Tysse til Gjerde. I dette ligg det at bygningane til Dropeslottet barnehage skal nyttast til skule.
2. Plassering av fleirbrukshall ved skulen på Gjerde.

3. Større gymnastikksal eller «skulehall» på Gjerde som alternativ til fleirbrukshall.
4. Samanslåing av barnehagane, lokalisert til Vassloppa barnehage i Nordbygda.
5. Opningstider for barnehagen i feriane og betalingsattsar, som er meir tilpassa ønske frå foreldra.
6. Billegare eller gratis SFO.
7. Mogeleg etterbruk av bygningane til Samnanger ungdomsskule på Tysse
8. Etterbruk av kommunehuset på Tysse dersom det vert aktuelt å flytta sentraladministrasjonen.

For alle tiltaka som er nemnde ovanfor, skal lagast eit oversyn over alle mogelege investeringskostnader, t.d. også utgiftene til reguleringsplanar. Det skal utarbeidast ein plan for lån og tilbakebetaling.

Det må lagast ein tidsplan for dei ulike tiltaka.

Det er også viktig å presentera ein kalkyle for framtidige driftsutgifter dersom dei ulike tiltaka vert realiserte, og det må koma klart fram kva endringar ein kan venta i høve til dagens driftsutgifter. Her må det lagast eit oversyn (bemanningsplan) over behovet for tilsette etter at tiltaka er gjennomførte.

Studien skal peika på gode klima- og miljøløysingar, bl.a. effektive enøk-tiltak. Målet er reduserte CO<sub>2</sub>-utslepp og lågare utgifter for kommunen.

#### **Presiseringar og vilkår for nokre av tiltaka ovanfor:**

##### 1–10-skule på Gjerde med fleirbrukshall eller stor gymsal

Studien må greia ut korleis ein samla skule kan gje god undervisning og skapa eit trygt skulemiljø for alle elevane.

Skulen skal ha dei fasilitetane som krevst av ein moderne ungdomsskule, men bassenget på Tysse skal framleis kunna brukast, iallfall fram til det treng større rehabilitering. Drift av bassenget og skuss av elevar til bassenget må difor leggjast inn i kalkylen for framtidige driftsutgifter. Det må likevel vurderast om det er mogeleg å byggja basseng på Gjerde seinare.

I studien må det vurderast ulike alternativ for elevtalsutviklinga, og ein må sjå på om det er mogleg med seinare utviding/påbygging av skulebygningane.

Studien må seia noko om korleis fleirbrukshallen/gymsalen kan brukast av både av skulen og andre, på dag- og kveldstid.

Det må lagast ein plan for parkering ved skulen for dei to alternativa, fleirbrukshall og stor gymsal.

Det er eit mål å spara dyrka mark ved ei utbygging på Gjerde.

##### Samla barnehage i Nordbygda (Vassloppa)

Studien må vurderast ulike framskrivingar av behovet for barnehageplassar.

Studien skal sjå kva som må gjerast for å redusera eventuelle ulemper med å samla fleire born i éin barnehage, slik at barnehagen kan gje eit fullgodt pedagogisk tilbod.

Standarden på vegen fram til barnehagen og trongen for parkeringsplassar må vurderast.

##### Billegare eller gratis SFO.

Her skal det reknast på ulike alternativ.

### Ungdomsskulen på Tysse.

Her skal det særleg undersøkjast om det råd å flytta både personalet på kommunehuset (sentraladministrasjonen) og eininga for teknisk drift til ungdomsskulen. Kommunen vil då ikkje lenger leiga lokale på Frøland. Viss denne løysinga vert vald, må arealbehovet vurderast nøye. Det kan vera aktuelt å tenkja alternativ bruk for ein del av arealet.

\* \* \*

Formannskapet skal fungera som styringsgruppe for moglegheitsstudien. Rådmannen må sørgja for at relevante interessepartar vert inviterte til å delta i møte i styringsgruppa og prosessar, t.d. i arbeidsgrupper, mellom møta. Dette gjeld m.a. verneombod og tillitsvalde.

Første møtet i styringsgruppa skal vera i januar 2020. Til dette møtet skal det inviterast representantar frå andre kommunar/organisasjonar til å fortelja om sine røynsler frå tilsvarande prosjekt med 1–10-skule og barnehage med nokolunde same storleiken som ein samanslegen barnehage i Samnanger vil ha.

Rådmannen skal, saman med kvalifisert ekstern rådgjevar, førebu møte, føra referat og følgja opp bestillingar frå møta.

Studien skal vera utført innan 1. juni 2020, og rapport skal presenterast for kommunestyret i siste møtet før sommaren 2020.

Det vert løyvd 250.000 kr til gjennomføring av moglegheitsstudien.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet vert styringsgruppe for arbeidet med romprogram for 1-10 skule og 1 barnehage. Rådmannen leiar arbeidet og opprettar arbeidsgrupper etter behov. Både verneombod og tillitsvalt skal delta i arbeidet. Ytterlegare rehabilitering av ungdomsskulen vert sett på vent inntil det er ei avklaring på skulestrukturen.

Til arbeidet med vedlikehald/ rehabilitering og utvikling av romprogram til dei prioriterte bygga i Samnanger kommune vert følgjande føringar lagt til grunn for arbeidet:

- HMS og sikkerheit
- Arealreducerande tiltak for bygningsmassen
- Klima- og miljøløysingar –reduksjon CO2 utslipp
- Enøk-reducerande totalforbruk
- Gjenbruk av eksisterande bygg
- Reduksjon i skuleskyss/arbeidsreiser
- Framskriving for behovet til barnehageplass og skulelokale
- Innsparing av driftskostnader på kort og lang sikt (bygg, personal, kvalitet)

## SAKNR. 096/2019: Budsjett og økonomiplan 2020-2023

### 05.12.2019 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Innleiingsvis orienterte rådmann Charlotte Hageberg om framlegget til budsjett og økonomiplan.

Økonomisjef Nina Erdal orienterte om endringar i reglane for eigedomsskatt.

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) sette fram følgjande framlegg:

*"Kommunestyret vedtek å setja i gong ei utgreiing av høve til å oppretta faste vikarstillingar i dei kommunale einingane for barnehage, skule og pleie og omsorg."*

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram følgjande framlegg:

*"Endringsframlegg:*

- *Eigedomsskatten for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,8 promille, i tråd med rådmannen sitt opprinnelege framlegg. Botnfrådraget vert sett til 30.000.*
- *Det vert sett av 200.000 til berekraftfondet, ei auke på 100.000 samanlikna med formannsskapet sitt vedtak. Avsetning til disposisjonsfondet vert redusert tilsvarande.*

*Tilleggspunkt i form av verbalpunkt:*

1. *Samnanger kommunestyre er glade for at kommunen no er medlem av Klimapartner, og at det gjennom dette medlemskapet også vil vera mogleg å leggja fram ein klimarekneskap frå 2020 av. Kommunestyret understrekar at klimarekneskapen også må følgjast opp med klimabudsjett i samband med budsjetthandsaminga av budsjett for 2021.*
2. *Samnanger kommunestyre ber om at kostnader og praktiske sider ved innføring av ei skulematorndning vert utgreia, inkludert alternativ der ei slik ordning berre vert innført på nokre trinn (til dømes på ungdomsskulen) eller berre enkelte dagar.*

*Kommunestyret ser i denne samanheng på det som naturleg å gå i dialog med daglegvarehandelen i Samnanger, med tanke på levering av mat som er i ferd med å gå ut på dato, og at dette både kan redusera kostnadene i ei skulematorndning, og bidra til eit redusert matsvinn.*

*Kommunestyret ber om at dette seinast vert gjort i samband med handsaminga av budsjettet for 2021."*

Brigt Olav Gåsdal (Ap) sette fram følgjande framlegg:

*"Uavhengig av framtidig løysing for plassering av kommuneadministrasjonen, vil kommunehuset på Tysse enno i lang tid fungera som eit off bygg.*

*Huset oppfyller ikkje krav til universell utforming, og administrasjonen blir difor pålagt å fremja ei sak i første halvår 2020 med framlegg til montering av heis eller tilsvarande slik at krav i lov om universell utforming blir stetta."*

Brigt Olav Gåsdal fekk permisjon frå kl. 16.00, og Harald Boge (Ap) gjekk inn som varamedlem for han under resten av handsaminga av saka.

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Knut Harald Frøland fram følgjande framlegg:

"Finansiering auka utgifter/reduuerte inntekter:

*Me vil få ei redusert inntekt på ca 500 000,- knytta til Statnett 2 dommen. I forbindelse med digitaliseringsarbeidet saman med IKTNH vil me få auka kostnad på ca 600 000,-. Det vert finansiert med følgjande innsparingar:*

- Barnehagen 100 000,-
- Skulane 300 000,-
- Pleie og omsorg 400 000,-
- Helse 100 000,-
- Samfunnsutvikling 200 000,-

Nøkkeltal i økonomiplanperioden:

*Korrigerte nettodriftsresultat i % av driftsinntekter, mål 1,75 %*

*Lånegjeld skal ikkje overstige 240 000 000,-*

*Disposisjonsfondet skal ligge på ca 15 000 000,-"*

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg:

*"Administrasjonen legg fram sak om gratis skulemat på Samnanger ungdomsskule i første ordinære kommunestyremøte i 2020. Kostnadsramma for tiltaket er 100.000 kroner."*

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande framlegg:

*"Det skal gjennomførers en ekstern tilstandsvurdering av ungdomsskolen og Kommunehuset. Kostnadsramme kr 30 000,- som finansieres av disposisjonsfondet."*

**Røysting:**

Det vart først røysta over framlegga som var sett fram i møtet:

1. Røysting over framlegg frå Shirin Kvernes Khadoor om faste vikarstillingar

Framlegget vart samrøystes vedteke.

2. Røysting over framlegg frå Øyvind Strømmen om eigedomsskatt

Framlegget vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bogevik (Ap) røysta imot.

3. Røysting over framlegg frå Øyvind Strømmen om auka avsetning til berekraftfondet

7 medlemmer røysta for framlegget og 14 røysta imot.

For	Imot
Øyvind Strømmen (MDG)	Knut Harald Frøland (BI)
Oskar Røen (MDG)	Lena Tveit (BI)
Harald Boge (Ap)	Anja Elisabeth G. Markhus (BI)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Martin Haugen (BI)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Solveig Vassenden (BI)
Jon Magne Bogevik (Ap)	Ove Totland (BI)
Arild Røen (H)	Øyvind Steinsland (BI)
	Oskar Konrad Kienitz (BI)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønnna (Sp)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Håvard Tvedterås (Frp)

4. Røysting over framlegg frå Øyvind Strømmen om verbalpunkt om Klimapartner  
Framlegget vart samrøystes vedteke.

5. Røysting over framlegg om gratis skulemat

Framlegget til Øyvind Strømmen vart sett opp mot framlegget til Øyvind Røen. Framlegget til Øyvind Røen fekk 14 røyster og vart vedteke. Framlegget til Øyvind Strømmen fekk 7 røyster.

<b>For Øyvind Strømmen sitt framlegg</b>	<b>For Øyvind Røen sitt framlegg</b>
Øyvind Strømmen (MDG)	Knut Harald Frøland (Bl)
Oskar Røen (MDG)	Lena Tveit (Bl)
Harald Boge (Ap)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Martin Haugen (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Ove Totland (Bl)
Arild Røen (H)	Øyvind Steinsland (Bl)
	Oskar Konrad Kienitz (Bl)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønnå (Sp)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Linda Haug Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Håvard Tvedterås (Frp)

6. Røysting over framlegg frå Brigt Olav Gåsdaal om sak om heis eller tilsvarande på kommunehuset  
Framlegget vart vedteke med 13 mot 8 røyster.

<b>For</b>	<b>Imot</b>
Oskar Konrad Kienitz (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Harald Boge (Ap)	Lena Tveit (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Martin Haugen (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Monica Tjønnå (Sp)	Ove Totland (Bl)
Gunn Totland Moss (Krf)	Øyvind Steinsland (Bl)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Øyvind Røen (Sp)
Odd Arne Haga (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	
Arild Røen (H)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Oskar Røen (MDG)	

7. Røysting over framlegg frå Knut Harald Frøland om finansiering auka utgifter/reduerte inntekter  
Framlegget vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bøgevik røysta imot.

8. Røysting over framlegg frå Knut Harald Frøland om nøkkeltal  
Framlegget vart samrøystes vedteke.



## 9. Røysting over framlegg frå Odd Arne Haga om tilstandsvurdering ungdomsskulen og kommunehuset

Framlegget vart vedteke med 13 mot 8 røyster.

For	Imot
Lena Tveit (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)	Øyvind Røen (Sp)
Solveig Vassenden (Bl)	Martin Haugen (Bl)
Ove Totland (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Øyvind Steinsland (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Oskar Konrad Kienitz (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Harald Boge (Ap)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Monica Tjønna (Sp)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Gunn Totland Moss (Krf)	
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Håvard Tvedterås (Frp)	
Arild Røen (H)	

Det vart til slutt røysta over heile budsjett-/økonomiplanframlegget frå formannskapet, med tilleggspunkta som var vedtekte av kommunestyret. Dette vart vedteke med 20 mot 1 røyst. Jon Magne Bogevik røysta imot.

**(Merknad til vedtaksteksten i sak 096/2019):** I det første avsnittet i vedtaksteksten er det gjort ei endring i forhold til teksten i formannskapet si tilråding. I formannskapet si tilråding vart omgrepet "budsjettskjema 1A, 2A" brukt. Som følgje av reglar i forskrift til den nye kommunelova m.fl. (Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett m.m - FOR-2019-06-07-714) skal omgrepet "bevilgningsoversikt drift og investering" brukast frå og med budsjettåret 2020 (jf. §§ 5-4 og 5-5 i forskrifta), i staden for "budsjettskjema 1A, 2A". Omgrepet "budsjettskjema 1A, 2A" er brukt i den gamle forskrifta som gjeld til og med budsjettåret 2019.

### **KS- 096/2019 Vedtak:**

Formannskapet sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vart vedteke slik det ligg føre med vedlegg Bevilgningsoversikt drift og investering (tidlegare budsjettskjema 1A, 2A), hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering, med følgjande endringar vedtekte av kommunestyret:

1. Kommunestyret vedtek å setja i gong ei utgreiing av høve til å oppretta faste vikarstillingar i dei kommunale einingane for barnehage, skule og pleie og omsorg.
2. Eigedomsskatten for bustader og fritidseigedomar vart sett til 2,8 promille, i tråd med rådmannen sitt opprinnelege framlegg. Botnfrådraget vart sett til 30 000 kroner.
3. Samnanger kommunestyre er glade for at kommunen no er medlem av Klimapartner, og at det gjennom dette medlemskapet også vil vera mogleg å leggja fram ein klimarekneskap frå 2020 av. Kommunestyret understrekar at klimarekneskapen også må følgjast opp med klimabudsjett i samband med budsjetthandsaminga av budsjett for 2021.
4. Administrasjonen legg fram sak om gratis skulemat på Samnanger ungdomsskule i første ordinære kommunestyremøte i 2020. Kostnadsramma for tiltaket er 100 000 kroner.
5. Uavhengig av framtidig løysing for plassering av kommuneadministrasjonen, vil kommunehuset på Tysse enno i lang tid fungera som eit offentleg bygg. Huset oppfyller ikkje krav til universell utforming, og administrasjonen blir difor pålagt å fremja ei sak i første halvår 2020 med framlegg til montering av heis eller tilsvarande slik at krav i lov om universell utforming blir stetta.
6. Me vil få ei redusert inntekt på ca 500 000 kroner knytta til Statnett 2 dommen. I forbindelse

*med digitaliseringsarbeidet saman med IKTNH vil me få auka kostnad på ca. 600 000 kroner. Det vert finansiert med følgjande innsparingar:*

- Barnehagen 100 000 kroner.*
- Skulane 300 000 kroner.*
- Pleie og omsorg 400 000 kroner.*
- Helse 100 000 kroner.*
- Samfunnsutvikling 200 000 kroner.*

**7. Nøkkeltal i økonomiplanperioden:**

- Korrigerte nettodriftsresultat i % av driftsinntekter, mål 1,75 %.*
- Lånegjeld skal ikkje overstige 240 000 000 kroner.*
- Disposisjonsfondet skal ligge på ca 15 000 000 kroner.*

**8. Det skal gjennomførast ei ekstern tilstandsvurdering av ungdomsskulen og kommunehuset. Kostnadsramme 30 000 kroner som skal finansierast av disposisjonsfondet.**

Oversikt over endring som vart gjort av formannskapet 14.11.2019 (i formannskapssak 052/2019) i forhold til rådmannen sitt framlegg, og som ligg til grunn og for kommunestyret sitt vedtak:

- Avsetnad til disposisjonsfondet vert redusert med 100 000 kroner. 100 000 kroner vert sett av på berekraftfondet.*

Det vert tatt opp eit lån på kr 14,5 millionar i 2020 til finansieringa av vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 000 000 kroner i 2020.

Bestilling av ny brannbil må gjerast i 2020, då det er eitt års leveringstid.

### **Eigedomskatt**

I medhald av eigedomsskattelova (Esktl) §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020: Det vert skrive ut eigedomskatt på faste eigedomar i heile kommunen jf. § 3 bokstav a. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av esktl § 12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,8 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og reknast som næringsseigedom frå og med 2019, jf. overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte skattegrunnlaget skal i 2020 vere lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert ansett som næringsseigedom. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av esktl. § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylket eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av esktl. § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2019 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus, jf esktl. § 8C-1. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

#### **14.11.2019 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram følgjande tre tilleggsframlegg:

##### "Forslag til ekstern tilstandsrapport av Samnanger Ungdomsskule og Kommunehuset.

*Det skal gjennomføres en ekstern tilstandsvurdering av ungdomsskolen og Kommunehuset. Kostnadsramme kr 30000,- som finansieres av redusert avdragsinnbetaling."*

##### "Forslag til Gratis skolemat på Tysse Ungdomsskole

*Det skal fra 1/1 2020 innføres gratis skolelunch til elevene ved Samnanger Ungdomsskole. Skolelunchen skal finansieres som følger; KIWI leverer gratis matsvinn, dvs mat som er i ferd med å gå ut på dato. Bjørkheim kro, landhandelen på Tysse, Milano og SPAR skal også forespørres. Matlaging og kjøkkenhjelp finansieres med «snu i døra» tilskudd fra NAV, eller tilskudd til arbeid for verna bedrifter for funksjonshemma personer. Organisering utføres av frivillighetssentralen med tilskudd fra Staten. Resten kr 100000,- finansieres av redusert avdragsinnbetaling."*

##### "Skoleskyss

*Samnanger kommune har praktisert at det i fra klassetrinn 2 og oppover, skal det være en grense på 4 km mellom hjem og skole – for å få gratis skoleskyss.*

*I Samnanger kommune er det ikke alle som bor slik til, at denne grensen bør være på 4 km. Det kan være barn som har ubrøytet veg om vinteren, dårlig eller ingen gatebelysning, en farlig vegtrase med bratte skrenter, som etter vår mening skal ha gratis skoleskyss i forhold til ren HMS-tankegang.*

*Det kan også være barn som gruer seg til å gå på skolen, der det er lang skolevei og en lite opplyst veg og der de må gå store deler av vegen alene. Eller det kan være barn som går langs med en ubrøytet veg og kan i verste fall bli påkjørt av både brøytebiler og elles andre kjøretøy. Selv på kommunale og fylkesveger bruker bilister stor fart og gjerne i kombinasjon med dårlig sikt i regn og tåke. De fleste vegene er også svært smale og uten fortau. Om vinteren er det også i noen tilfeller høye brøytekanter, så det kan være vanskelig å komme seg ut av vegbanen.*

*Etter vår mening skal ikke foreldre betale for skoleskyss, dersom HMS kriteriene ikke er oppfylt/ivaretatt. Det er svært små kostnader for Samnanger kommune å gi alle barn en trygg skoleveg – i forhold til at et barn kan blir skadet på skolevegen.*

*Det skal heller ikke være meningen at travle foreldre skal kjøre barna til skolen, fordi vi ikke har lagt til rette for en forsvarlig transport av alle skoleelever. Det er tross alt en stor del av elever som bor utenfor etablerte boligområder i vår kommune.*

*Derfor vil vi foreslå i budsjettet: Samnanger kommune setter en maksimum grense på 2 km mellom hjem og skole, for å få innvilget gratis skoleskyss.*

*I enkelte andre forhold, der det kan dokumenteres at HMS ikke er ivaretatt, så setter vi ingen grense for gratis skuleskyss i vår kommune. Den ekstra kostnaden blir dekket ved å redusere avdragsbetalingen."*

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at innsparte utgifter knytt til redusert avdragsbetaling på lån allerede er disponert/brukt i rådmannen sitt budsjettframlegg. Odd Arne Haga valde på bakgrunn av dette å justera to av framlegga sine som følger:

- *"Ekstern tilstandsrapport av Samnanger Ungdomsskule og kommunehuset vert finansiert av disposisjonsfondet."*
- *"Ekstra kostnad til skuleskyss vert finansiert av disposisjonsfondet."*

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*"Avsetnad til disposisjonsfondet vert redusert med 100.000 kroner. 100.000 kroner vert sett av på berekraftfondet."*

Knut Harald Frøland (Bl) sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*"Det vert innført halv eigedomsskatt på næring dei første fem åra etter etablering."*

Øyvind Røen (Sp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet orienterte økonomisjef Nina Erdal om at det ikkje er høve til å innføra ei slik ordning for eigedomsskatt på næring som Knut Harald Frøland hadde foreslått. Knut Harald Frøland trekte etter dette framlegget sitt.

Knut Harald Frøland sette fram følgjande tilleggsframlegg:

*"Eigedomsskatten vert ståande på 2,4 promille. Administrasjonen må til kommunestyremøtet 05.12.2019 vurdere den beste inndekkinga på dette."*

### **Røysting:**

Det vart først røysta over tilleggsframlegga som var sette fram i møtet.

#### 1. Røysting over tilleggsframlegg frå Øyvind Strømmen

Framlegget vart vedteke med åtte mot ei røyst. Odd Arne Haga røysta imot framlegget.

#### 2. Røysting over tilleggsframlegg frå Odd Arne Haga om tilstandsrapport Samnanger Ungdomsskule og Kommunehuset

Framlegget fall med åtte mot ei røyst. Odd Arne Haga røysta for framlegget.

#### 3. Røysting over tilleggsframlegg frå Odd Arne Haga om skuleskyss

Odd Arne Haga trekte framlegget før røystinga. Etter forslag frå Knut Harald Frøland vedtok formannskapet i staden samrøystes at spørsmålet om skuleskyss skal takast inn som ein del av mogleghetsstudien som vart vedteken i formannskapssak 040/2019, jf. vedtak i kommunestyresakene 035 og 041/2019.

#### 4. Røysting over tilleggsframlegg frå Odd Arne Haga om gratis skulemat

Framlegget fall med seks mot tre røyster.

Følgjande medlemmer røysta for framlegget:

- Odd Arne Haga (Frp)
- Jon Magne Bogevik (Ap)
- Gunn Totland Moss (KrF)

Følgjande medlemmer røysta imot framlegget:

- Øyvind Røen (Sp)
- Knut Harald Frøland (Bl)
- Lena Tveit (Bl)
- Martin Haugen (Bl)
- Shirin Kvernes Khador (Ap)
- Øyvind Strømmen (MDG)

#### 5. Røysting over endringsframlegg frå Knut Harald Frøland om at eigedomsskatten vert ståande på 2,4 promille

Framlegget vart vedteke med sju mot to røyster.

Følgjande medlemmer røysta for framlegget:

- Knut Harald Frøland (Bl)
- Lena Tveit (Bl)
- Martin Haugen (Bl)
- Øyvind Røen (Sp)
- Odd Arne Haga (Frp)
- Jon Magne Bøgevik (Ap)
- Gunn Totland Moss (KrF)

Følgjande medlemmer røysta imot framlegget:

- Shirin Kvernes Khador (Ap)
- Øyvind Strømmen (MDG)

Etter dette vart det røysta over heile framlegget til økonomiplan.

#### 1. Røysting over rådmannen sitt framlegg justert med dei vedtekne endringsframlegga

Åtte medlemmer røysta for og ein imot. Odd Arne Haga røysta imot.

#### 2. Røysting over rådmannen sitt framlegg

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster.

#### **FORM- 052/2019 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering (desse dokumenta ligg som vedlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg), med følgjande endringar:

1. *Avsetnad til disposisjonsfondet vert redusert med 100.000 kroner. 100.000 kroner vert sett av på berekraftfondet.*
2. *Spørsmål om innføring av grense på 2 km mellom heim og skule for å få innvilga gratis skuleskyss skal takast inn som ein del av moglegheitsstudien som vart vedteken i formannskapssak 040/2019, jf. vedtak i kommunestyresakene 035 og 041/2019.*
3. *Eigedomsskatten vert ståande på 2,4 promille. Administrasjonen må til kommunestyremøtet 05.12.2019 vurdere den beste inndekkinga på dette.*

Det vert tatt opp eit lån på kr 14,5 millionar i 2020 til finansieringa av vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 000 000 kroner i 2020.

Bestilling av ny brannbil må gjerast i 2020, då det er eitt års leveringstid.

## **Eigedomsskatt**

I medhald av eigedomsskattelova (Esktl) §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020: Det vert skriva ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av esktl § 12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,8 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skriva ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takserast og reknast som næringsseigedom frå og med 2019, jf. overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte skattegrunnlaget skal i 2020 vera lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert ansett som næringsseigedom. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal vera 7 promille.

I medhald av esktl. § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylket eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av esktl. § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil, og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2019 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus, jf. esktl. § 8C-1. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering. Desse dokumenta ligg som vedlegg til rådmannen sitt budsjettframlegg.

Det vert tatt opp eit lån på kr 14,5 millionar i 2020 til finansieringa av vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 1 000 000 kroner i 2020.

Bestilling av ny brannbil må gjerast i 2020, då det er eitt års leveringstid.

## Eigedomsskatt

I medhald av eigedomsskattelova (Esktl) §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2020: Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen jfr § 3 bokstav a. Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av esktl § 12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,8 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 30 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

Det vert skrive ut eigedomsskatt på eit særskilt skattegrunnlag som følgje av at produksjonsutstyr og –installasjonar ikkje skal takast med i takstgrunnlaget når dei tidlegare verk og bruk skal takseras og reknas som næringsseigedom frå og med 2019, jfr overgangsreglane til esktl. §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte skattegrunnlaget skal i 2020 vere lik 5/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av nye verdsettingsreglar og at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 vert ansett som næringsseigedom. Skattesatsen på det særskilte skattegrunnlaget skal være 7 promille.

I medhald av esktl. § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av esktl. § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2019 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskrivning av eigedomsskatt på bustadhus, jf esktl. § 8C-1. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

## **SAKNR. 1: Interpellasjon frå KrF - Samnanger som forsøkskommune for «Fritidskort til alle barn mellom 6 og 18 år»**

### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Gunn Totland Moss (KrF) las opp interpellasjonen. Rådmann Charlotte Hageberg las opp svar på interpellasjonen.

Gunn Totland Moss sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Samnanger kommune søker om å vera med i forsøksordninga for fritidskort til alle barn mellom 6 og 18 år".*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **KS- 1 Vedtak:**

Samnanger kommune søkjer om å vera med i forsøksordninga for fritidskort til alle barn mellom 6 og 18 år.

### **SAKNR. 9: Interpellasjon frå Frp - Statlig finansiering av eldreomsorgen**

#### **05.12.2019 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Denne interpellasjonen låg ikkje ved møteinnkallinga, men vart sendt ut etter møteinnkallinga. Monica Tjønnna (Sp) orienterte om at ho ikkje hadde fått/fått melding om denne interpellasjonen. Administrasjonen vart beden om å gå gjennom rutineane for ettersending av saker/interpellasjonar.

Odd Arne Haga (Frp) las opp interpellasjonen. Rådmann Charlotte Hageberg las opp svar på interpellasjonen. Svaret ligg som vedlegg til møteprotokollen.

Oskar Konrad Kienitz møtte kl. 09.40 og deltok under siste del av handsaminga og røystinga om interpellasjonen.

Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart det røysta over Frp sitt framlegg til vedtak i interpellasjonen. 3 medlemmer røysta for og 18 røysta imot. Framlegget vart derfor ikkje vedteke.

<b>For Frp sitt framlegg</b>	<b>Imot Frp sitt framlegg</b>
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Knut Harald Frøland (Bl)
Odd Arne Haga (Frp)	Lena Tveit (Bl)
Håvard Tvedterås (Frp)	Anja Elisabeth G. Markhus (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
	Ove Totland (Bl)
	Øyvind Steinsland (Bl)
	Oskar Konrad Kienitz (Bl)
	Bright Olav Gåsdal (A)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Jon Magne Bogevik (Ap)
	Øyvind Røen (Sp)
	Monica Tjønnna (Sp)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)

#### **KS- 9 Vedtak:**

Framlegget i interpellasjonen vart ikkje vedteke.



